kronikk og debatt

● Si din mening.
Skriv til: Nationen, postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo.

● Anne Tuflåt Lilleberg
Tlf: 21 31 00 08
debatt@nationen.no

Åtvaring til det økologiske landbruksmiljøet

Det som starta som ei britisk katastrofe har for lengst utvikla seg til å verte ein europeisk kvervelstorm. Landbrukspolitikarar både i inn- og utland står i kø for å rope opp om økologisk landbruk som det einaste saliggjerande. Til den harde kjerne i økomiljøet vil eg seia: ver varsam, heng dokke ikkje på hylekoret, men lat andre få ta seg av pratinga om kor makelaust det økologiske landbruket er.

Ein kan spørje seg om kvifor ein forskar går ut og seier at det økologiske landbruksmiljøet ikkje bør utnytte denne framifrå mogelegheita til å markere si eiga sak. For dei som kjenner til framveksten av det økologiske landbruksmiljøet i mange andre land vil det vere logisk å argumentere for å utnytte matskandalane til å fremme det økologiske landbruket. Eg vil åtvare mot å ta blåkopi av framveksten i andre land, men snarare relatere argumentasjonen til dei særskilde faktorane som me finn i tilhøvet mellom dei økologiske og dei konvensjonelle landbruksmiljøa her heime.

kronikk

Økomiljøet bør ikkje henge seg på hylekoret mot det konvensjonelle landbruket, men heller satsa på å styrke samhaldet mellom det norske småskalalandbruket og det økologiske miljøet, skriv forskar

● *Bjørn Egil Flø*

Unyansert kritikk

Det er ikkje vanskeleg å forstå at talsmenn for det økologiske landbruket vert freista til å hive seg på den omfattande kritikken av det konvensjonelle landbruket som pågår no. Det me ser i Europa i dag, er trass alt det same som fleirtalet av dei økologiske bøndene var i opposisjon mot då dei sjølve tok steget og la om til økologisk drift.

Det økologiske landbruket kan sjåast som ein open kritikk av det konvensjonelle, problemet er berre at sjølve omgrepet konvensjonelt landbruk er for uklårt til å fungere som eit omgrep på det protesten eigentleg er retta mot. Studerer ein bruken av omgrepa, finn ein raskt at alle bønder som ikkje driv økologisk vert definert som konvensjonelle, anten det gjeld ein av Jæren sine mest effektive bønder eller småbrukaren i ei lita grend i Troms. Ein unyansert kritikk av det konvensjonelle landbruket vil med andre ord ramme både bonden på Jæren og småbrukaren i Troms like hardt. Dette vil i sin tur vil medføre at dei samle seg til eit forsvar for sin eigen eksistens og dermed også eit forsvar av eigen praksis. Resultatet av denne samlinga finn me att i dei bondeeigde foredlingsverksemdene Tine og Norsk Kjøtt. Båe desse aktørane har i lang tid vegra seg mot å satse på foredling av økologiske produkt. Ei vegring som er forankra i eigarane – om lag 98 prosent konvensjonelle bønder sin frykt for eit B-stempel på dei konvensjonelle produkta.

Alternative retningar

Delar av det økologiske miljøet i Noreg har heldigvis sett at det er trong om å nyansere kritikken noko. I mi eiga forsking ser eg at i Midt-Noreg, den delen av landet der omlegginga til økologisk drift har kome lengst, har dei økologiske miljøa valt å nytte ein annan strategi enn den reine kritikken av det konvensjonelle landbruket.

I staden for berre å fokusere på sin eigen makelause praksis som miljøvenlege bønder, har dei fokusert på ei rekkje alternative retningar for å auke verdiskapinga innan landbruksnæringa generelt. Ved å snu spørsmålet om frå å vere eit einsidig spørsmål om økologisk vs. konvensjonelt landbruk, til også å dreie seg om auka diversifisering vs. einsidig satsing på rimeleg bulkproduksjon, reier dei til eit betre samarbeidsklima mellom dei økologiske og dei aller fleste konvensjonelle bøndene i landet. På denne måten vert økologisk produksjon sett på som ein av fleire måtar å bidra til auka verdiskaping innan landbruket på: Ein parallell strategi kan vere lokal osteproduksjon eller andre formar for kreativ tenking innan småskalasegmentet i landbrukssektoren.

I dag ser me spirene av denne fleirårige strategien, særleg finn me det innan økomiljøa i Midt-Noreg og Nord-Østerdalen. Tine Midt-Norge framstår i dag som eit av dei meieriselskapa i landet som er mest positive til økologisk landbruk. Mykje tyder også på at det konvensjonelle landbruksmiljøet i Midt-Noreg er mindre skeptiske til det økologiske landbruket enn det konvensjonelle miljøet elles i landet. Poenget er at desse to fenomena heng saman. Er dei konvensjonelle bøndene sterkt kritiske, vil det også vere vanskelegare for Tine eller Norsk Kjøtt å satse på økologiske produkt.

> **Ver varsam, heng dokke ikkje på hylekoret**

Styrka samhald

Fara er at ein i desse kugalskapstider skal verte for ivrig i argumentasjonen sin, og at ein lett kjem i skade for igjen å argumentere om kor framifrå det økologiske landbruk er. Dei fleste konvensjonelle bøndene vil ta sterk avstand frå at økologisk landbruket er den einaste farbare vegen for å unngå slike tilstandar som me ser i Europa i dag. Me kan med andre ord havne i den same tilstanden som me var i for berre få år sidan, der eit samla konvensjonelt landbruksmiljø såg på det økologiske landbruket som eit trugsmål for eigen eksistens.

Då vil alt ein har oppnådd dei siste åra stå i fare for å falle i grus.

Det vil etter mitt syn vere langt meir nyttig å halde fram med samarbeidslina, ja, ein bør endå satsa på å styrke samhaldet mellom det norske småskalalandbruket og det økologiske miljøet. Ein må hugse på at både kugalskapen og munn og klauvsjuka er sjukdommar som har eksistert i mange år. Det som i dag har gjort desse sjukdomane til eit problem, er ikkje bruken av verken kunstgjødsel eller sprøytemiddel. Det som er problemet, er spreiinga av sjukdomane, eit problem som vert stadig større etter kvart som landbruket vert pressa på pris i ein globalisert marknad. Dette er ein konkurranse som berre nokre få av dei norske bøndene er i stand til å overleve. Det er her potensialet for vidare alliansebygging mellom det økologiske og det konvensjonelle landbruket ligg. Heile det norske landbruket har ein felles fiende som heiter internasjonal handel. Det mest interessante er at dette i dag også framstår som fienden åt dei europeiske forbrukarane. Kanskje det er på tide å bygge allianser mellom bonde og forbrukar.



KUGALSKAP: *I desse kugalskapstider kan ein verte for ivrig i sin argumentasjon om kor framifrå økologisk landbruk er. Lat andre få ta seg av pratinga om kor makelaust det økologiske landbruket er, skriv kronikkforfatteren.*
(Foto: Vidar M. Husby)

sett og sakset

Kjønnskvotering

Statsminister Jens Stoltenberg går inn for kjønnskvotering også i staten. Han vil at kvalifiserte kvinner skal gå foran menn når lederstillinger i staten skal besettes.

Det er vi enig i. Fram til nå har man valgt menn, og gjerne avdankede politikere, når viktige stillinger i staten besettes.

Nordlys

Skattevinnere

Det ble blant annet innført en toppskatt som skulle bidra til å utjevne forskjellene mellom rike og fattige, men utjevningen har begrenset seg til forskjellen mellom folk med vanlige inntekter og lavtlønte ...

Den relative forskjellen mellom rike og vanlige folk er faktisk større etter skatt enn før skatt. Det må bety at skattereglene virker stikk motsatt av det politikerne hevder at de ønsker.

Østlendingen

35 prosent

Muligheten for å nå valgresultatet for fire år siden – 35 prosent – er innen rekkevidde. Et resultat på linje med det Jagland klarte i 1997 er et godt valg for Ap – og en seier for Stoltenberg.

Arne Strand, i Dagsavisen

Demokrati

– Når folk i EU-landene ikke kan stille politikere til ansvar for politikken, vil interessen for demokratiet avta og valgdeltagelsen synke enda mer.

Professor Ottar Brox, referert i Nordlys